



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Kari des Bouvrie, 5557 2022

Vår dato
18.12.2017
Dykkar dato
14.09.2017

Vår referanse
2017/11382 522.5
Dykkar referanse

Frøydis Haugen
Fonnebostvegen 15
5955 LINDÅS

Svar på søknad - Lindås - Erstatning for avlingssvikt 2017 - vekstgruppe grovfôr - Frøydis Haugen

Fylkesmannen syner til din søknad av 14. september 2017 om erstatning for avlingssvikt i grovfôr, oversendt frå Lindås kommune den 30. november 2017.

Vedtak

Føretaket Frøydis Haugen, org. nr. 990 188 629 er tilkjent erstatning på kr. 61 013,- etter avlingssvikt i grovfôrproduksjon i 2017. Erstatninga vert med det fyrste overført til din konto 9365 22 90467.

Heimel

Søknaden er handsama etter *Forskrift om satser for og beregning av erstatning ved klimabetingede skader i plante- og honningproduksjon* av 15. september 2015 («satsforskrifta») og *Forskrift om erstatning ved klimabetingede skader i plante- og honningproduksjon* av 17. januar 2012 («erstatningsforskrifta»)

Vedtaket er basert på opplysningar som er gjeve i søknaden. Feil utbetalt tilskot kan verte kravd tilbake, jf. "erstatningsforskrifta" § 8. *Dette kan til dømes gjelde dersom andre tilhøve enn klima er årsak til delar av avlingssvikten utan at desse er oppgjeve. Fylkesmannen kan i ettertid utføre kontroll, jf. § 7. Dersom det er oppgjeve feile opplysningar i søknaden kan resten av tilskotet i tillegg verte avkorta, jf. § 9. Viss du oppdagar at du har gjeve feile opplysningar i søknaden, ber vi deg kontakte Fylkesmannen så snart som mogleg.*

Generell informasjon

Føremålet med ordninga er å redusere det økonomiske tapet som oppstår ved produksjonssvikt som kjem av klimatiske tilhøve som det ikkje er mogleg å sikre seg mot. Det er ikkje føremål å dekkje heile tapet.

- Årsak til skade: Ein kan ikkje få erstatning for delar av skaden som har andre årsaker enn klima. Til dømes når svak gjødsling, dårleg drenering, beiting av hjort eller anna gjer at avlinga i skadeåret vart dårlegare enn avlinga ein normalt oppnår. Søkjar, kommune og Fylkesmann vurderer kvar stor del av skaden skuldast klima. Dette vert gjort ved at «klimaprosent» endrast.
- Normavling: Det er sett ei standard norm for venta avling for alle kommunane i Hordaland, sjå tabell under. Venta avling for kvart føretak vert korrigert. Årsak til lågare venta avling enn normavlinga, kan til dømes vere geografiske tilhøve (veksthøve, høgd over havet), gamal eng, mykje ugras, svak gjødsling, vanskeleg jord, dårleg drenering eller anna. Til grunn for vurderinga ligg òg informasjon om avling tidlegare år. Kommune og Fylkesmann korrigerer normavlinga ved å endra «klimaprosent» i erstatningsutrekninga.

	Normavling, gruppe 3, Hordaland
Fulldyrka eng til slått og beite, PT kode 210	540 FEm/daa
Overflatedyrka eng til slått og beite, PT kode 211	430 FEm/daa
Andre grovfôrvekstar, PT kode 213	430 FEm/daa

- Føretaket må ha gjeve melding til kommunen så snart ein hadde mistanke om avlingssvikt grunna klimatiske tilhøve. Årsaka er at kommunen skal kunne komme på kontroll på eit hensiktsmessig tidspunkt for å vurdere skaden.
- Avling som vart hausta i skadeåret: Hausta avling i 2017 vert rekna ut frå kubikk masse i siloar, total vekt av rundballar, direktefôring mm. Det vert normalt ikkje korrigert for kor mykje graset er fortørka eller for energiinnhaldet. Frå i år er det likevel mogleg å nytte fôranalyser som grunnlag for korrigering for dårleg fôr. Viss fôrprøvane avviker meir enn 30% av fôrnormene i § 15 i «satsforskrifta», kan det korrigerast for energiinnhald i erstatningsutrekninga.
- For føretak med salsproduksjon av grovfôr: Forventa avling i skadeåret vert rekna frå snittavlinga av dei 5 førre åra (2012-2016). Det er høve til å trekkje ut eitt av desse åra viss det t.d. har vore eit uvanleg år tidlegare òg. All avling må vere dokumentert med rekneskapstal.
- Sparte haustekostnadar: Viss føretaket har redusert kostnadar grunna avlingssvikta, vert dette trekt ifrå ved erstatningsutrekninga.
- Utrekning av erstatningsbeløp: Det vert berre gjeve erstatning for produksjonssvikt ut over eigendelen på 30 % av gjennomsnittsproduksjonen/venta avling. Erstatningssummen vert rekna ut etter ein standard sats på 3,70 kr per fôreining. Det vert ikkje teke omsyn til kor store dei reelle tapa har vore.

Vurdering for føretaket ditt

Melding og søknad var innan fristane, og opplysingar om drifta er dokumentert.

Du meldt frå at årsaka til skade, var ein uvanleg kald sommar med mykje nedbør, slik at det ikkje var høve til å hauste delar av avlinga.

Årsak til skade: Kommunen har vore på synfaring og målt fôrlager og vurdert skadeårsaka. Noko av avlingssvikta i 2017 skuldast dårleg drenering. Denne delen av avlingsnedgangen er ikkje rettkomen erstatning, og vert trekt frå i erstatningsutrekninga ved å redusere klimaprocenten. Vi reknar dårleg drenering til å utgjere 5 % av årsaka til låg avling i 2017 samanlikna med tidlegare år. På grunnlag av dette er klimaprocenten satt ned 5 prosentpoeng.

Normavling: Vi vurderer at avling per dekar på føretaket til vanleg er om lag 48 % av normalinga for Hordaland. Denne korrigeringa av normavling vert òg gjort med korrigering av klimaprocent, og utgjør 48 %.

Kommunen har godkjent at delar av arealet ikkje kunne bli hausta. Tapt avling på arealet vil difor gi rett til erstatning.

Erstatningsberegning	
Forventet avling FEm i skadeåret (normavling x avling i skadeåret)	86 650
Trekk 30 % egen risiko, FEm	25 995
Trekk i avling i skadeåret (oppmålt fôrlager – overlagret fôr + solgt grovfôr + fôropptak på grovfôraarealet), FEm	22 306
Avlingssvik i skadeåret i FEm	-38 349
Avlingssvik som skyldes klima i %	43
Andel avlingssvikt som kan erstattes. Beregningsgrunnlag, FEm	-16 490
Erstatningssats, kr. pr FEm	3,70
Andel avlingssvikt som kan erstattes. Beregningsgrunnlag, kr.	-61 103
Samlet erstatningsgrunnlaget, kr.	61 103

Minusteikn framfor talet for avlingssvikt i FEm og kroner, visar at det er berekna avlingssvikt etter at eigendelen er trekt frå. Når det ikkje er rekna avlingssvikt etter at eigendelen er trekt frå, står tala utan minusteikn.

	Erstatning i kroner
Grunnlag etter avkorting, kr.	61 103,-
Tilkjent erstatning, kr.	61 103,-

Erstatning under kr. 5 000,- og over kr. 750 000,- vert ikkje utbetalt.

Klagerett

Du kan klage på vedtaket innan 3 veker etter at du fekk dette brevet. Ei eventuell klage skal stilast til Landbruksdirektoratet, men sendast til kommunen din. Kommunen skal kome med uttale til saka og sende vidare til Fylkesmannen. Dersom Fylkesmannen ikkje tek klaga til følge, vert klaga handsama vidare av Landbruksdirektoratet. Klaga bør vera grunngitt, jfr. § 32 i forvaltningslova. Spørsmål kan rettast til landbruksforvaltninga i kommunen eller til saksbehandlar hos fylkesmannen.

Med helsing

Åse Vaag
landbruksdirektør

Kari des Bouvrie
rådgjevar husdyr

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Lindås kommune Kvernhusmyrane 20 5914 ISDALSTØ